

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 03.09.2010  
Sakhandsamar: **Terje Arne Krokvik**  
Saka gjeld: **Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT AS**

**Arkivsak**

2010/417/

**Styresak 104/10 B**

**Styremøte 06.10.2010**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret godkjennar at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 158 mill til totalt kr 378 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal være i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto
3. Tilbakebetaling av lånnet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytte seg til investeringane

## Bakgrunn

Styret i Helse Vest behandla i møte den 15/10-2009 sak nr. 094/09 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig lån med kr 90 mill.*
2. *Dei økonomiske vilkåra skal være i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.*
3. *Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytte seg til investeringane.*

Helse Vest IKT har allereie nytta seg av den samla låneramma etter vedtaket ovanfor som beløper seg til kr 220 mill. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt kr 80 mill i a-konto frå RHFet til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt. Desse a-konto utbetalingane må dekkast innafor ny låneramme.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig låneramme med kr 158 mill. Det blir her vist til styret i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 042/10:

*"Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 008/10 om budsjett for 2010, utarbeider og oversender til Helse Vest RHF søknad om lån på 158 mill. kr. i tråd med det som vart lagt fram i budsjettsaka"*

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 378 mill.

Likviditetsbehovet oppstår som følge av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på driftskredittramma.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

## Habilitetsvurdering

Administrerande direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Det at ein og same person innehar begge desse rollane inneber ikkje i seg sjølv at det oppstår nokon form for habilitetskonflikt for administrerande direktør når Helse Vest RHF skal behandla ei sak som gjeld Helse Vest IKT AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitet må eventuelt bli konstatert ut frå ein konkret vurdering der vurderingstemaet er om det i den aktuelle saka ligg føre omstende som er eigna til å svekke tilliten til administrerande direktør sin upartiskheit.

Helse Vest IKT AS er resultat av val av strategisk retning med omsyn til korleis IKT-tenesta i regionen best kan organiserast. Eigarrepresentasjon i selskapet er ein sentral del av styringa, og det er da i liten grad rom for inhabilitetssynspunkt i forholdet mellom disse verksemndene med mindre det i den enkelte sak konkret kan peikast på ein interessekonflikt mellom selskapa og ein konflikt av meir personlig karakter for vedkommande styremedlem. Ein slik situasjon ligg ikke føre i denne saka.